



HØGSKOLEN STORD/HAUGESUND

# VURDERINGSINNLEVERING

---

*Opplysningane finn du på StudentWeb under Innsyn – Vurderingsmelding*

Emnekode: LU2-PEL415

Emnenamn: Pedagogikk og elevkunnskap 2b 5-10


Vurderingsform: Bacheloroppgåve  
*(mappe, heimeeksamen..)*

Kandidatnr: Iselin Eidhammer Tveit

Leveringsfrist: 16. mai 2013

Ordinær eksamen eller kontinuasjon: Ordinær

Fagansvarleg (Rettleiar dersom rettleia oppgave):  
Sissel Høisæter og Tommy Tangjerd Søllesvik



HØGSKOLEN STORD/HAUGESUND

# Nynorsk- ei overflødig målform?

Ei bacheloroppgåve i pedagogikk og elevkunnskap med  
fordjuping i norsk om elevar i ungdomsskulen sine  
haldningar til nynorsk

Iselin Eidhammer Tveit  
Høgskulen Stord/ Haugesund, avd. Stord 2013

## Nynorsk- ei overflødig målform?

### Samandrag

I Noreg har me i dag to sidestilte målformer, nynorsk og bokmål. Det er ikkje ei løynd at dei to målformene ikkje er sidestilte i praksis. Langt fleire nyttar bokmål som hovudmål, og nynorsken blir ofte valt bort til fordel for bokmål, både i skulen og i samfunnet.

Kunnskapsløftet (Utdanningsdirektoratet) trekkjer fram at alle elevar skal meistra begge målformene, og det er ofte debatt i media og innan politikk kor vidt det er naudsynt at alle elevar skal læra seg nynorsk. Mange elevar er difor ofte negative til nynorsk. Målet med FoU-arbeidet er å kartleggja elevar i ungdomsskulen sine haldningar til nynorsk, både hjå elevar med nynorsk som hovudmål og hjå elevar med bokmål som hovudmål. Vil det vera skilnader på haldningane mellom desse to gruppene? Meiner elevane at nynorsk er ei overflødig målform? Problemstillinga mi er som fylgjer: *Kva for haldningar har elevar i ungdomsskulen til nynorsk i skulen og til nynorsk elles i samfunnet?* I tillegg har eg ei rekke hypotesar som eg ynskjer å styrke eller svekke gjennom mitt arbeid.

Teorigrunnlaget oppgåva mi baserar seg på, er basert på teori om haldningsdanning og danning av sosiale grupper. Eg har òg sett på kven som påverkar ungdommane, samt om dei sjølv påverkar miljøet dei er ein del av. Tidlegare forskning står òg sentralt, samt legitimering av kvifor ein bør læra seg nynorsk i skulen. Metoden eg brukte var spørjeskjema, som elevar i 9.klasse på 3 ulike skular svara på. To av skulane eg gjennomførte undersøkinga på har bokmål som hovudmål, medan den siste skulen har nynorsk som hovudmål. Ein skal vera forsiktig med å generalisera resultata frå i ei så lita undersøking, men eg meiner at dei likevel vil gi ein peikepinn på kva ungdommar i Noreg i dag meiner om nynorsk. Resultata mine er ikkje eintydige, men dei viser at elevane med nynorsk som hovudmål er generelt noko meir positive til nynorsk enn elevane med bokmål som hovudmål. Dei syner at foreldre og venner har stor påverknad, medan læraren derimot ikkje har mykje han/ho skulle ha sagt i dette spørsmålet. Det ser vidare ut til at elevane ikkje har stor kunnskap om språkhistoria vår, noko som påverkar haldningane deira, og fleire elevar er positive til lesing av nynorsk enn skriving. Lesing av fleire tekstar på nynorsk, samt auka kunnskap om språkhistoria vår og dagens språksituasjon, kan difor vere nokre av fleire element som kan hjelpe til å med gjera fleire elevar positivt innstilte til nynorsk.

## Innhald

Samandrag .....	3
1. Innleiing .....	6
1.1. Bakgrunn .....	6
1.2. Problemstilling og hypotesar .....	6
2. Teori.....	8
2.1. Kvifor læra nynorsk på skulen?.....	8
2.2. Tidlegare forskning.....	9
2.3. Om haldningar og gruppetilhøyrse .....	10
2.4. Om sosial læringsteori og verksemdsteori.....	13
3. Metode .....	15
3.1. Kva er kvalitativ og kvantitativ metode?.....	15
3.2. Metodedesign.....	15
3.2.1. Spørjeundersøkinga.....	15
3.2.2. Om gjennomføringa: Skildring av utvalet og av innsamlinga av empiri .....	17
3.3. Gyldighet og etikk .....	18
4. Presentasjon av data.....	19
4.1. Elevane sin bakgrunn.....	19
4.2. Sidemål på skulen.....	20
4.2.1. Sidemålsundervisning .....	20
4.2.2. Eigne dugleikar i nynorsk .....	20
4.2.3. Haldning blant lærar og elevar .....	20
4.3. Assosiasjonar til nynorsk.....	21
4.3.1. Nynorsk som ein matrett .....	21
4.3.2. Nynorsk som ein person .....	22
4.3.3. Andre assosiasjonar og dialekt.....	23
4.4. Nynorsk i media.....	24
4.4.1. Nynorsk i dei store, norske avisene.....	24
4.4.2. Nynorsk teksting på NRK .....	25
5. Drøfting av resultat .....	27
5.1. Elevane sine handlingar knytt til påverknad frå andre .....	27
5.1.1. Hypotese: Elevar med nynorsk som hovudmål er jamt over meir positive til nynorsk enn elevar med bokmål som hovudmål, og elevane vil vera meir reflekterte.....	27

5.1.2.	Hypotese: Det vil vera ein samanheng mellom elevane sine haldningar og deira oppfatning av familie, venner og lærarar sine haldningar til nynorsk .....	27
5.2.	Assosiasjonar til nynorsk.....	29
5.2.1.	Hypotese: Elevane med bokmål som hovudmål vil meine at nynorsk er noko som er litt gammaldags .....	29
5.2.2.	Hypotese: Elevane med nynorsk som hovudmål synest dialekten sin liknar på nynorsk i større grad enn elevane med bokmål som hovudmål, og dei vil synast at nynorsk er meir “ekte” enn bokmål .....	31
5.3.	Nynorsk på skulen .....	32
5.3.1.	Hypotese: Blant elevane med bokmål som hovudmål vil det vera fleire som synest det er greitt at dei skal læra å lesa nynorsk enn elevar som synest det er greitt at dei skal læra å skriva nynorsk.....	32
5.3.2.	Hypotese: Om elevane ofte har undervisning i sidemål/nynorsk, vil dei vera meir positive til målforma enn dei elevane som sjeldan har undervisning i sidemål/nynorsk .....	32
5.4.	Nynorsk i samfunnet.....	33
5.4.1.	Hypotese: Elevane vil vera einige i at journalistar skal få velja sjølv kva målform dei skal få skriva på. Elles vil elevane frå nynorskskulen vera meir positiv til nynorsk i aviser og på fjernsyn enn elevane frå bokmålsskulane. ....	33
6.	Oppsummering og konklusjon .....	35
7.	Litteraturliste.....	36
8.	Vedlegg .....	38
8.1	VEDLEGG I: Brev til rektor .....	39
8.2	VEDLEGG II: Brev til heimen.....	40
8.3	VEDLEGG III: Spørjeskjema .....	41
8.4	VEDLEGG IV: Analysedøme. Elevane sine meiningar om nynorsk i aviser.....	46
Figur 1:	Haldningssirkelen (Raaheim, 2002) .....	13
Figur 2:	Verksemdsteori (Imsen, 2005).....	14
Figur 3:	Foreldra mine er veldig positive til nynorsk.....	19

# 1. Innleiing

## 1.1. Bakgrunn

*Klokka ringjer, og elevane i 9A strøymer inn etter nok eit friminutt. Det er den siste timen ein fredag, og elevane snakkar muntert om kva dei skal gjere i helga. Lærar Thorsen kjem inn døra og timen byrjar. Elevane stønnar når dei blir kjende med at tema for timen er sidemål, og diskusjonen rundt kor naudsynt det er med sidemål startar. Elevane rekk å klaga seg ei god stund før Thorsen får roa ned elevane og funne fram dei gule ordbøkene der elevane har rabla ned ein tittel dei meiner er passande: "Spynorsk mordbok".*

Situasjonen som her er skildra er ikkje heilt usannsynlig, og kunne funne stad på ein kva som helst bokmålsskule i Noreg. Det er ei kjend sak at mange elevar på ungdomsskulen med bokmål som hovudmål ser på nynorsk som ei unødvendig og vanskelig målform, og at mange har negative haldningar til målforma. Dette har eg sjølv kjend på kroppen, då eg byrja på vidaregåande skule i byen som den einaste i klassa med nynorsk som hovudmål. Diskusjonar rundt ulike valformer, karaktersetjing og bruksområde var vanlige tema då me ein sjeldan gong skulle ha sidemålsundervisning, eller nynorskundervisning. Det er altså ikkje eit spørsmål om elevane har mange haldningar til nynorsk, men *kva for* haldningar elevane har til målforma. Er alle elevane negative, eller er nokre positive? Er det stor skilnad på haldningane blant elevar med nynorsk som hovudmål og blant elevar med bokmål som hovudmål? Er det skilnad på lesing og skriving av nynorsk, og er det annleis med nynorsk i aviser og fjernsyn enn med nynorsk på skulen? Dette var spørsmål som eg ynskte å undersøka nærare i arbeidet med mi FoU-oppgåve.

## 1.2. Problemstilling og hypotesar

Ut i frå spørsmåla som blei stilte i førre avsnitt, har eg formulert ein problemstilling som femnar om det eg ynskjer å finna svar på: **Kva for haldningar har elevar i ungdomsskulen til nynorsk i skulen og til nynorsk elles i samfunnet?**

Det vil i denne oppgåva bli tatt utgangspunkt i 9. klasse, som vil representera elevane i ungdomsskulen. I tillegg til problemstillinga mi, har eg formulert fleire hypotesar om kva eg trur eg kjem til å finna i mitt materiale:

- Elevar med nynorsk som hovudmål er jamt over meir positive til nynorsk enn elevar med bokmål som hovudmål, og elevane vil vera meir reflekterte
- Elevane med bokmål som hovudmål vil meine at nynorsk er noko som er litt gammaldags
- Elevane med nynorsk som hovudmål synest dialekten sin liknar på nynorsk i større grad enn elevane med bokmål som hovudmål, og dei vil synast at nynorsk er meir “ekte” enn bokmål
- Blant elevane med bokmål som hovudmål, vil det vera fleire som synest det er greitt at dei skal læra å lesa nynorsk enn elevar som synest det er greitt at dei skal læra å skriva nynorsk
- Om elevane ofte har undervisning i nynorsk, vil dei vera meir positive til målforma enn dei elevane som sjeldan har undervisning i nynorsk
- Det vil vera ein samanheng mellom elevane sine haldningar og deira oppfatning av familie, venner og lærarar sine haldningar til nynorsk
- Elevane vil vera einige i at journalistar skal få velja sjølv kva målform dei skal få skriva på. Elles vil elevane frå nynorskskulen vera meir positive til nynorsk i aviser og på fjernsyn enn elevane frå bokmålsskulane.

Det interessante med hypotesar er at dei er bygde på haldningar og fordommar som forskaren sjølv har. Dei vil difor vera farga av forskaren sin synsvinkel, eller forskaren sine briller. Dette gjeld òg mine hypotesar, og fleire av dei er bygde på egne erfaringar. I denne FoU-oppgåva vil eg difor utforska hypotesane mine på ein vitskapeleg måte, for å få bukt med egne haldningar. Nokre av hypotesane er bygde på tidlegare forskning, noko som kan støtte eller svekke truverdnet til mine resultat. Målet med oppgåva er såleis å få ei kartlegging av elevane sine haldningar til nynorsk, både blant elevar med nynorsk som hovudmål og blant elevar med bokmål som hovudmål. Eg vonar at funna kan gi meg og andre lærarar ein peikepinn på kor elevane står, og at funna kan takast med i planlegginga av framtidig nynorskundervisning.

Først i denne oppgåva vil det bli presentert ein teoridel, som vil innehalda legitimering for læring av nynorsk i skulen, tidlegare forskning og relevant teori. Deretter vil metoden bli presentert, med grunngjevingar for val av metode og rammene rundt undersøkinga mi. Funna frå undersøkinga vil bli presentert for seg sjølv i eige kapittel, før dei blir drøfta i ljøs av teori og tidlegare forskning. Til slutt i FoU-oppgåva kjem ein kort oppsummering og ein konklusjon.

## 2. Teori

### 2.1. Kvifor læra nynorsk på skulen?

Kvifor elevar skal læra nynorsk, er eit stadig tilbakevendande spørsmål. Det er ofte eit resultat av negative haldningar blant elevar, som ikkje alltid ser vitsen og difor spør som eit retorisk spørsmål (Jansson, 2011, s. 165). Svaret på dette spørsmålet er sentralt i denne samanhengen, då det dannar bakgrunnen for korleis eg i det heile tatt kan skrive denne oppgåva. Hadde ikkje alle elevane måtte læra nynorsk, er det sannsynleg at me ikkje hadde hatt dei same haldningane til målforma som me har i dag. Jansson (2011, s. 164 ff) nemner tre ulike legitimeringar for kvifor alle elevar skal læra nynorsk, anten som hovudmål eller sidemål. Den første blir kalla for *den demokratiske legitimeringa*. Dette handlar om at nynorsk og bokmål er to sidestilte skriftspråk, og dette blir trekt fram både i Stortingsmelding nr. 35 (2007-2008) og i Kunnskapsløftet. I Stortingsmeldinga står følgjande om dei to målformene:

Grunnlaget for ein demokratisk språkpolitikk i Noreg bør difor vere ei erkjenning av at Noreg er eit fleirkulturelt og mangespråkleg samfunn der dei to norske målformene utgjer det fellesspråket som norske statsborgarar i utgangspunktet må kunna godt, og som innbyggjarar skal kunna bruka i alle samanhengar (Stortingsmelding nr. 35 (2007-2008), s. 82).

Læreplanen i norsk, *Formål med faget*, tar vidare føre seg kva elevane skal beherska:

I Norge er både bokmål, nynorsk og samisk offisielle skriftspråk, og det tales mange ulike dialekter og sosiolekter, men også andre språk enn norsk (...). Med utgangspunkt i denne språksituasjonen skal det legges til rette for at barn og unge får et bevisst forhold til språklig mangfold og lærer å lese og skrive både bokmål og nynorsk (Utdanningsdirektoratet).

Den andre legitimeringa som Jansson trekkjer fram er *den språkhistoriske legitimeringa*. Språkhistoria vår har gitt oss to skriftspråk, og fokus på og kunnskap om arbeidet til Knut Knudsen og Ivar Aasen kan motivere elevane i arbeidet med målformene. Det syner seg likevel at mange elevar både i ungdomsskulen og i den vidaregåande skulen har eit mangelfullt bilete på språkhistoria vår.

Den siste legitimeringa blir kalla for *nyttelegitimeringa*. Mange elevar er ikkje motiverte for å læra nynorsk fordi dei meiner dei ikkje har bruk for det i framtida fordi “alle” skjønner bokmål. Det viser seg at elevar ikkje har nok kunnskap om språksituasjonen i dag. Difor veit dei ikkje



nok om kva dei vil få bruk for i framtida. Blir elevane tilsette i statlege organisasjonar som til dømes sjukehus, NRK eller ambassadar i utlandet, må dei beherska begge målformene. Dette gjeld sjølvstund ikkje alle elevane, men slik er det og med mange andre fag som dei lærer i skulen. *Alle* vil ikkje få bruk for *alt*.

## 2.2. Tidlegare forskning

I Grepstad (2005) si *Nynorsk Faktabok 2005* finn me statistikk frå tidlegare undersøkingar som har undersøkt ungdommar sine haldningar til nynorsk (Grepstad, 2005, tabell 3.12ff). På landsbasis var 82 % av dei med bokmål som hovudmål negative til nynorsk, resten positive (pr. 1996). Blant dei med nynorsk som hovudmål var 22 % negative til nynorsk, medan 78 % var positive. Vidare kan me sjå at i Agder og Rogaland var det same år 63 % som var negative til nynorsk medan det var 37 % som var positive. Det som er interessant her er at Rogaland ikkje er teken med som ein del av Vestlandet, der 47 % er negative til nynorsk og 53 % er positive. Vestlandet er den staden i Noreg der me finn høgast andel elevar som er positive til nynorsk.

På utsegnet “Eg synest nynorsk er lett å forstå” svarar 48 % av elevane at dei er samde, 44 % at dei er usamde, medan 8 % er usikre. På utsegnet “Eg synest nynorsk er vanskeleg å skrive” ser me at talet på samde auker til 64 %, samde synk til 28 %, medan usikre held seg på 8 % (Grepstad, 2005).

Dag Freddy Røed (2010) har i si masteroppgåve ved Høgskulen i Hedmark undersøkt elevar sine haldningar til nynorsk blant elevar i eit nynorskområde, eit bokmålsområde og eit grenseområde. Den generelle tendensen i hans funn er at det er størst skilnad på haldningane til elevane i nynorskområdet og elevane i bokmålsområdet. Nokre av funna går på tvers av områda; alle elevane er mest einige i at journalistar sjølv skal få velje kva for ei målform dei skal skriva på. Eit interessant funn Røed gjer er at elevane frå nynorskområdet i høg grad er samde om at den kulturelle bakgrunnen deira påverkar haldningane deira til nynorsk, medan elevane frå grenseområdet er ganske samde i denne påstanden. Elevane frå bokmålsområdet på si side er ikkje samde i denne påstanden, og meiner at nynorskundervisninga på skulen har større påverknad på haldningane til nynorsk enn den kulturelle bakgrunnen (Røed, 2010, s. 87ff).

Anne-Berith Råbu har i si hovudfagsoppgåve undersøkt ungdomsskuleelevar og elevar på vidaregåande skule sine haldningar til nynorsk. Ho har blant anna kome fram til at dei yrka som flest elevar tenkte på då dei tenkte på ein nynorskbrukar, var bonde og lærar (Råbu, 1997, s. 87). Elevane har òg skildra den typiske nynorskbrukar:

Mange av elevene skildrer den typiske nynorskbrukeren som en lavt utdannet, gammeldags kledd person frå landsbygda. Noen få av elevene er inne på at den typiske nynorskbrukeren er belest og bevisst sin egen kultur (Råbu, 1997, s. 89).

Vidare har Råbu funne ut at elevane som har rogalandsdialekt sjølv meiner at dialekten liknar mest på nynorsk (1997, s. 108).

### **2.3. Om haldningar og gruppetilhøyrse**

Ei haldning kan definerast på fleire måtar, og i følgje Myers er ei haldning det me trur på og føler, og som kan påverke reaksjonane våre (Myers, 2009, s. 89). Raaheim (2002, s. 80) skriv at haldning er eit omgrep som me brukar for skildra noko me i utgangspunktet ikkje kan observera, men som me sluttar oss til på bakgrunn av det eit individ føretar seg.

Vidare kan me sjå på to ulike hovudtilnærmingar på haldningar, anten trekomponentmodellen (*The ABC-model of attitudes*) eller eindimensjonal tilnærming (Raaheim, 2002, s. 80ff).

Trekomponentmodellen er ei tilnærming der det går fram at ei haldning er sett saman av tre ulike komponent; ein kognitiv komponent, ein affektiv (emosjonell) komponent og ein åtferdsmessig komponent (Raaheim, 2002, s. 82). Den affektive eller emosjonelle komponenten er ofte lett å observere, gjennom til dømes sinne, glede eller frustrasjon. Den kognitive, eller tankemessige komponenten, er som oftast ikkje-observerbar, og er individet sine tankar og refleksjonar rundt haldninga. Den åtferdsmessige komponenten er og observerbar, og viser til det individet faktisk tek føre seg i møtet med det/den individet har ein viss haldning ovanfor.

Den eindimensjonale tilnærmingmåten på si side seier at det ikkje alltid treng å vera samanheng mellom det eit individ tenkjer, føler og handlar (Raaheim, 2002, s. 83). Det kan vera ulike grunnar til dette. Nokon gonger handlar me stikk i strid med det me føler og meiner fordi me ikkje ynskjer sosial dømning me elles ville blitt utsett for, medan andre gonger kan redsel for å bli utestengd frå ei gruppe vere årsaken til at me undertrykkjer kjenslene våre.

Dette blir kalla «the bandwagon effect», eller «å kasta seg på lasset». Denne tilnærminga blir altså sett på som eindimensjonal fordi han fokuserer på den affektive eller emosjonelle komponenten på den eine sida og handlingsdisposisjonen, altså kva eit individ vel å gjer i ein gitt situasjon, på den andre.

Nordal (2011, s. 114ff) skriv i *Nynorsk som hovudmål* at presset mot nynorsk som hovudmål er størst i randsona mellom nynorskområde og bokmålsområde, men at det òg blir større og større press i dei nynorske kjerneområda. I randsonene er det ofte store skular med elevar med begge målformer. Der nynorsk er i mindretal vert det eit kontinuerleg press på dei som skriv nynorsk, og dei må heile tida ta aktiv stilling til val av målform. Sjølv om nynorsk er definert som nasjonsspråk, er det likevel eit mindretalsspråk som ikkje har same posisjon som bokmål på landsbasis. Det er krevjande å skilja seg ut frå majoriteten, og her er sjansen stor for at me får sjå døme på «the bandwagon effect». Sentraliseringa av skular fører ofte til mindre nynorsk skriftspråk, og ut i frå det føregåande kan det sjå ut til at elevar vel å skrive på bokmål for å sleppe dette presset, sjølv om dei i utgangspunktet skriv nynorsk. I følgje Imsen (2005, s.57) er ungdomsalderen, når lausrivinga frå foreldre og heim byrjar, kanskje den perioden i livet der tilknytninga til jamnaldrande har mest å seie, noko som igjen kan påverka kven eller kva elevane vel å tilpassa seg etter.


Eit anna døme finn me hjå Råbu (1997, s. 102). Råbu skriv at i alle intervjua ho gjorde med gutane på ungdomsskulen, innrømma dei at dei blei påverka av andre når det gjaldt haldningane sine til nynorsk. I tillegg uttalte fleire at dei sjølv uttalte seg meir negativt om nynorsk enn det dei eigentleg meinte. Dette blei forklart med “Du skal liksom være negativ til nynorsk” (Råbu, 1997, s. 103). Råbu konkluderer med at det ser ut til at mange ungdommar er meir negative til nynorsk når dei er i lag med venner enn det dei i røynda er, for å passa betre inn i det sosiale miljøet.

Ein annan teori som omhandlar prosessane i og mellom grupper blir kalla for *sosial identitets-teori* (Myers, 2009, s. 250). Sosial identitets-teori seier at me kategoriserer, det vil seie at me set opp oss sjølv og andre i kategoriar. Vidare identifiserer me, det vil seie at me føler tilhøyrse til visse grupper, såkalla *ingroups* eller *eigne grupper* (forfattar si oversetjing). I tillegg samanliknar me. Då samanliknar me vår ei eiga gruppe med dei andre gruppene, som blir kalla *outgroups* eller *andre grupper* (forfattar si oversetjing). Me vil då føla avstand til dei andre, og kjenne sterkare tilhøyrse til vår eiga gruppe (Myers, 2009, s. 250).

At me identifiserer oss med eigne grupper finn me døme på hjå Anne Steinsvik Nordal. Nordal (2011, s. 117) skriv at å måtte argumentere for språket sitt kan kjennast urettferdig fordi språket er så integrert i kvart einskild individ sin personlegdom. Ho skriv vidare at «Når ein identifiserer seg med nynorsk og opplever det som sitt språk, altså som ein del av det ein er, kan det verke meiningslaust og audmjukande å måtte grunngje og argumentere for at ein bruker det» (Nordal, 2011, s. 116). At nynorsken gjev identitet til dei som bruker språket gjer at ein blir ein del av ei eiga gruppe, der individa anten kan identifisera seg med gruppa si eller, i nokre tilfelle, ta avstand til ho.

Fordommar er ein type haldning, og kan definerast som ei negativ vurdering av ei gruppe og gruppa sine medlemmer. Denne negative vurderinga blir ofte fylgt opp av stereotypiar som er negative, generelle oppfatningar av medlemmene i ei gruppe (Myers, 2009, s. 236). Ved å kombinera stereotypiar med sosial identitets-teori, kan me få det me kallar *ingroup bias*, eller *eigen gruppe- problematikken* (forfattar si oversetjing). Dette vil seie at me er så gruppemedvitne at ved ein kvar sjanse me får til å tenka på oss sjølve som ei gruppe, vil me gjere nettopp det. Me vil i tillegg få ei sterk kjensle av «oss» og «dei», noko som forsterkar stereotypiane me har om dei andre gruppene. (Myers, 2009, s. 251). Generelt kan me seie at jo meir me veit om ei gruppe, jo meir vil me kunne sjå skilnadene og variasjonane innanfor den gruppa, og jo mindre me veit om dei andre gruppene, jo meir vil me danna stereotypiar (Myers, 2009, s. 257). Når me dannar stereotypiar, er det vanlig at det som blir skildra er dei mest karakteristiske trekk frå nokre av dei i kvar einskild gruppe.

Enkeltindividet blir altså påverka av den gruppa som det høyrer til. Den første gruppa me blir medlem av er i dei fleste tilfelle familien, og denne gruppa vil i stor grad påverka vår danning av haldningar til oss sjølv, og etter kvart haldningane våre til andre (Raaheim, 2002, s. 86ff). G.H. Mead (Aagre, 2003, s. 148) kallar søsken og foreldre for *signifikante andre*. Det vil seie at heimen legg grunnlaget for korleis me seinare taklar konflikhtar, korleis me samtalar og kva for haldningar me får. Raaheim (2002) skriv at desse haldningane deretter vil vera avgjerande for korleis me opplever ulike hendingar og vil ha mykje å seie for kva me vel å vera merksame på i omgivnadane våre. Dei vil bli liggande som eit slags *kognitivt skjema*, som blir grunnlaget for den såkalla *haldningssirkelen*.



**Figur 1: Haldningssirkelen (Raaheim, 2002)**

Som figuren viser, vil haldningsskjemaa våre påverka tolkinga vår av inntrykka eller persepsjonane, noko som igjen vil forsterka skjemaa våre.

Råbu (1997, s. 114ff) skriv at ho i si undersøking fann ut at alle elevane meinte at dei andre i klassa var negative til nynorsk. Ho kjem i tillegg fram til at svært få elevar meiner at foreldra sine er positive til nynorsk. Desse resultatata blir likevel diskutert, då dei mest sannsynleg seier meir om elevane sjølv enn om venene og foreldra. Råbu kjem likevel fram til at resultatata er sentrale; dei seier nemleg noko om elevane sin *oppfatning* av nærmiljøet sitt, som i følge Mead og Raaheim til slutt er det som er med på å forma kva for haldningar elevane dannar.


Dei grunneleggande haldningane me har til oss sjølve kan vidare påverke kva for haldningar me vil tileigna oss. Sjølvbiletet til eit individ har samanheng med kva for oppgåver individet vil byrja på, samt individet si oppleving av meistring og kontroll (Raaheim, 2002, s. 88). Sjølvbiletet vil dessutan påverka måten me tolkar det som skjer rundt oss og med oss på, og vil dermed påverka haldningane våre.

#### **2.4. Om sosial læringsteori og verksemdsteori**

Albert Bandura (f. 1925) er eit sentralt namn innan sosial læringsteori. Han ynskte å sjå på samspelet mellom omgivnadane, personen og åtferda, og konstruerte det såkalla *Bobo-dukke-eksperimentet*. I desse eksperimenta lot Bandura førskuleborn sjå ein film der ein vaksen oppførte seg sær sars aggressivt mot ei stor dukke ved namn Bobo. Han laga i tillegg tre ulike filmar som fekk tre ulike utfall. I den første filmen blei den vaksne lønna for åtferda si, i den andre blei det ingen konsekvens, medan i den siste blei den vaksne straffa. Det viste seg at barna som hadde sett dei ulike filmane, oppførte seg ulikt når dei fekk komma inn til Bobo etter filmen var slutt. Barna som hadde sett at den vaksne blei lønna oppførte seg sær

aggressivt mot dokka, medan barna som hadde sett at den vaksne blei straffa viste mest ingen aggesjon i det heile. Barna som hadde sett at den vaksne si åtfærd ikkje fekk nokon konsekvensar, oppførte seg noko aggressivt. Med desse eksperimenta viste Bandura at gjennom observasjon og imitasjon av andre si åtfærd, lærer menneska korleis dei sjølv skal oppføra seg. Mennesket er refleksivt og sjølvregulerande, og er i stand til aktivt å forma omgivnadane rundt ein (Solerød, 2009, s. 74). Dette har seinare fått namnet *modell-læring*. Modell-læring er sentral i all undervisning og oppseding. Læraren må vera klar over *dømet si makt*, og den krafta som ligg i nettopp det (Bergem, 2011, s. 41ff). At mange elevar har opplevd uvilje mot og negative haldningar til nynorsk frå lærarane, er eit tydelig teikn på at ikkje alle lærarar er klar over nettopp dette (Nordal, 2011, s. 111). Negative haldningar frå læraren fører raskt til negative haldningar i resten av klassa.

Andre teoretikarar tar utgangspunkt i at interaksjonen mellom individet og miljøet er grunnlag for utvikling og læring. Mange av desse teoriane blir kalla for *aktivitetsteori* eller *verksemdsteori*. Poenget i verksemdsteori er at det skjer ein prosess begge veier. Miljøet påverkar individet, og individet påverkar og omformar miljøet gjennom indre og ytre former for aktivitet (Imsen, 2005, s. 266).



**Figur 2: Verksemdsteori (Imsen, 2005)**

Igjen kan me trekka inn resultatata frå Råbu (1997, s. 102) si hovudfagsoppgåve som tidlegare er blitt nemnd. Det at gutane som blei intervjua vedgjekk at dei sjølv gav uttrykk for å vera meir negative til nynorsk enn det dei eigentleg var for å passa betre inn, er eit tydelig døme på at miljøet påverkar individet, men at individet òg kan påverka omgivnadene sine.

## 3. Metode

### 3.1. Kva er kvalitativ og kvantitativ metode?

Ved val av metode er det viktig å vurdere kva som er mest føremålstenleg for kva type informasjon ein ynskjer å finne (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 41ff). Dei ulike metodane eignar seg til å belysa ulike typar spørsmål. Kvalitativ metode blir tradisjonelt sett på som induktiv. Det vil seie at forskarane går inn i undersøkinga med ope sinn, legg teoriene og hypotesane sine til side, og lar datamaterialet tale for seg (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 40). Observasjon er eit klassisk døme på kvalitativ metode. Spørjeskjema er eit godt døme på kvantitativ metode, som har blitt sett på som deduktivt. Her har forskaren på førehand klart føre seg hypotesar og føresetnader som skal stadfestast eller avkreftast gjennom forskingsarbeidet. Postholm og Jacobsen (2011) skriv at lærarforskaren er både induktiv og deduktiv. Læraren har til ei kvar tid forventningar og føresetnader om korleis undervisninga vil gå, samtidig som det sannsynlegvis vil oppstå situasjonar som læraren på førehand ikkje har tenkt på. Det blir difor kunstig å setja eit skilje mellom desse to metodane, med kvalitativ metode på den eine sida og kvantitativ på den andre. Metodane komplimenterer kvarandre, og i eit forskingsarbeid er det ikkje uvanlig at ein blandar metodane, til dømes i form av eit spørjeskjema med opne spørsmål eller eit intervju med ein streng intervjuguide.

### 3.2. Metodedesign

#### 3.2.1. Spørjeundersøkinga

Spørjeundersøkinga eg laga hadde 29 lukka spørsmål forma som påstandar eller spørsmål og 5 opne spørsmål. Det kan diskuterast om det er ein fordel eller ei ulempe å bruka kombinert metodedesign (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 42ff). Fordelen med å nytta eit spørjeskjema med både lukka og opne spørsmål er at informantane får mogelegheita til å utdjupa nokre av svara sine. På denne måten vil forskaren få meir nyanserte svar, og fleire meiningar vil komma tydelegare fram. På den andre sida vil eit slikt skjema vera vanskelegare å analysere enn eit spørjeskjema med berre lukka spørsmål. Forskaren må då handsama ord og tekstar i tillegg til tal og statistikk. Likevel får ein eit større bilete ved å nytta ulike typar datainnsamlingsmetodar, og mi vurdering er at dette veg tyngre enn ulempene ved analyseringa.

Dei lukka spørsmåla i spørjeundersøkinga var enten utforma slik at respondentane skulle setja kryss bak påstandar som blei gitt, eller at respondenten skulle svare på spørsmål ved å setja

kryss. På nokre påstandar kunne respondentane velja mellom tre svaralternativ, medan på andre påstandar kunne dei velje mellom fire. Eit døme på ein påstand med fire svaralternativ er som følgjer:

	Heilt sant	Litt sant	Ikkje sant	Veit ikkje
Foreldra mine er veldig positive til nynorsk				

Her har eg valt å gi respondentane muligheita til å kryssa av på alternativet «veit ikkje». Grunnen til dette er at fleire av påstandane som har fire alternativ er påstandar som det ikkje er sikkert at alle respondentane veit noko om. Å tvinga respondentane til å svara på dette, kan difor gå utover validiteten til undersøkinga (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 91).

Eit døme på ein påstand med tre svaralternativ er som følgjer:

	Heilt sant	Litt sant	Ikkje sant
Eg syns det er vanskeleg å forstå tekstar som er skrivne på nynorsk			

Ein må til ei kvar tid vurdera om «veit ikkje» er eit fornuftig svar på ein påstand- om ikkje, kan alternativet fjernast (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 91). Her har eg valt å fjerna eit slikt meiningsnøytralt alternativ. Grunnen til dette er at mange av påstandane dreier seg om elevane sine handlingar og meiningar, og eg vurderer det slik at respondentane kan ta stilling til dette og ikkje treng eit «veit ikkje»-alternativ. I dette dømet er det eit stort sannsyn for at respondenten klarar å vurdera sine eigne evner innan leseforståing nok til å kunne svara på påstanden.

I tillegg til påstandane som respondentane skulle svara på, var det 5 opne spørsmål. Desse var utforma som ei utdjuping til påstandar eller spørsmål, slik at respondenten kunne utdjupa kvifor han/ho meiner nettopp dette.

Spørjeskjemaet var utarbeidd både på nynorsk og på bokmål. Ved å la elevane få skjemaet på sitt eige målføre, oppnår ein minst mogleg lese-motstand for elevane.



### 3.2.2. Om gjennomføringa: Skildring av utvalet og av innsamlinga av empiri

I mitt FoU-arbeid har eg nytta meg av såkalla *skjønnmessig utval* då eg skulle finne respondentar til å svara på spørjeundersøkinga mi. Ved *skjønnmessig utval* vel ein sjølv ut ei gruppe som ein meiner er representativ for alle (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 94). Eit slik utval kan vera godt, men ein kan aldri vera sikker på om forskaren som vel utvalet ikkje systematisk overser nokon. Hovudgrunnen til at eg har valt å nytta meg av denne typen utval er omsynet til dei ressursane ein har i arbeidet, til dømes tid. Som student har ein ikkje god tid til å gjennomføre opplegget sitt, og dei tre vekene med praksis må brukast effektivt. Då eg skulle bruke spørjeskjema, ville eg ikkje risikera at fleire skular valde å ikkje respondera på henvendingane mine, slik at eg ville misse verdifull tid. Eg val difor å venda meg til to av skulane som HSH nyttar som praksisskular. Desse skulane har allereie eit samarbeid med høgskulen, og eg vurderte difor sjansen for at skulane var positive til utviklingsarbeid som større. Desse to skulane har bokmål som hovudmål. Då eg skulle velja den tredje skulen gjekk eg til den kommunen med nynorsk som administrativ målform som låg nærast. Vidare valde eg å senda førespurnaden min til ein skule der fleire i administrasjonen veit kven eg er. På denne måten håpa eg at skulen ville vera positiv til mitt utviklingsarbeid, noko som førte til positiv respons, og at eg ville klara å halda meg innanfor den gjevne tida. På denne skulen har alle elevane nynorsk som hovudmål.

Ein annan grunn til at eg valde å bruka *skjønnmessig utval*, var at eg ønskte å sjå på skilnadene på haldningane til nynorsk blant elevar med tilnærma lik dialekt. Hadde eg valt eit reint tilfeldig, representativ utval blant skular med nynorsk og bokmål som hovudmål, er sannsynet stort for at eg ikkje hadde fått dette. Eg måtte difor gå på lokalt nivå, og sjå på kommunar som ikkje låg langt frå kvarandre. Elevane ved dei to bokmålsskulane og den eine nynorskskulen har tilnærma lik dialekt.

På kvar skule hadde eg sett meg ut 9.klasse som gode respondentar til mi oppgåve. Desse elevane er komne halvvegs på ungdomsskulen, og har sannsynlegvis gjort seg opp meiningar nok til å kunna svara på spørjeskjemaet. Spørjeskjemaet blei levert ut av klassekontaktane i kvar klasse, og elevane fekk ikkje vita namnet på studenten som gjennomførte undersøkinga, då dette kunne ha påverka svara deira. Til saman svara 122 elevar på undersøkinga. 51 av desse hadde nynorsk som hovudmål medan 71 hadde bokmål som hovudmål.

### 3.3. Gyldighet og etikk

Gyldighet, eller validitet, handlar om me har nok grunnlag for tolkingane våre av funn og resultat (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 126ff). Me skil mellom ytre og indre gyldighet- indre gyldighet handlar om samanhengen mellom årsak og verknad, medan ytre gyldighet handlar om i kor stor grad me kan generalisera funna våre til andre grupper som me ikkje har undersøkt. Då eg har valt å nytta skjønnessig utval i mitt FoU-arbeid, kan ein stilla spørsmål ved gyldigheita til resultatata eg har kome fram til. Resultata vil sannsynlegvis ikkje vera representative for alle med nynorsk som hovudmål og alle med bokmål som hovudmål i Noreg. Me kan altså stilla spørsmål ved den *ytre gyldigheita*, men dei vil likevel gi ein peikepinn på kva elevar med dei ulike målføra meiner. Ikkje minst vil resultatata seie noko om lokale variasjonar.

Elevane ved alle skulane hadde på førehand fått utdelt eit informasjonsskriv der dei hadde moglegheit for å reservera seg mot å delta på undersøkinga. Eg nytta såkalla passiv tilbakemelding, det vil seie at foreldra og/eller elevane måtte gi tilbakemelding om dei *ikkje* ønskte at eleven skulle delta. På denne måten får ein større sjanse for mange respondentar, samstundes som at alle har fått naudsynt informasjon om undersøkinga og kan takke nei. Ingen av elevane eller foreldra ba om å få sleppa å delta på undersøkinga.

## 4. Presentasjon av data

Denne delen vil presentera dei mest sentrale funna frå spørjeundersøkinga på dei tre skulane. Ikkje alle spørsmåla i undersøkinga gav resultat som er interessante, og eg har difor ikkje tatt desse med i denne presentasjonen. Skulen med nynorsk som hovudmål vil vidare bli forkorta med NN, medan dei to skulane med bokmål som hovudmål blir vidare kalla for BM1 og BM2. På NN hadde 98 % av elevane nynorsk som hovudmål, medan 100 % hadde bokmål som hovudmål både på BM1 og BM2. På alle skulane var det litt fleire gutar enn jenter i klassane.

### 4.1. Elevane sin bakgrunn

På påstanden “Eg synest at nynorsk er ein viktig del av norsk kultur” svarar 71 % av elevane frå NN at dette er heilt sant/litt sant. På BM1 og BM2 er resultatet berre 30 % og 29 %. Det er vidare mange som er usikre på påstanden “Foreldra mine er veldig positive til nynorsk”. På NN og BM2 er det 33 % og 39 % som svarar at dei ikkje veit, medan på BM1 svarar over halvparten at dei ikkje veit (51 %). Sjølv om det er mange usikre svar, ser me ein klar skilnad på NN mot BM1 og BM2. På NN seier 56 % at påstanden er heilt sann/litt sann, medan resultatata på BM1 og BM2 ligg på 38 % og 36 %.



Figur 3: Foreldra mine er veldig positive til nynorsk. F.V: NN, BM1, BM2

Denne skilnaden mellom nynorskskulen og bokmålsskulane er ikkje like stor på påstanden “Min kulturelle bakgrunn påverkar haldninga mi til nynorsk”. Her seier 39 % på NN at dette er sant/litt sant, medan 25 % seier det same på BM1 og heile 47 % på BM2. Her er det altså stor skilnad på dei to bokmålsskulane, som ligg i same by.

## **4.2. Sidemål på skulen**

### **4.2.1. Sidemålsundervisning**

På NN er det stor usemje blant elevane både når det gjeld kor ofte dei har undervisning i sidemål og kor ofte dei les tekstar på sidemål. Elevane på BM1 og BM2 er litt meir samde i desse påstandane. På BM1 meiner 66 % at dei har sidemålundervisning 1-3 gonger i månaden, medan 56 % meiner dei les tekstar på sidemål like ofte. På BM2 meiner 57 % at dei har sidemålsundervisning 1-3 gonger i månaden, medan 46 % meiner at dei les tekstar på sidemål berre 1-3 gonger i halvåret. Me ser altså at elevane har nynorskundervisning oftare enn dei les tekstar på nynorsk, og ein kan difor gå ut i frå at undervisinga sannsynlegvis i stor grad føregår som grammatikkundervisning.

### **4.2.2. Eigne dugleikar i nynorsk**

Når elevane skal vurdera nynorsken på skulen, svarar 88 % av elevane på NN at det er heilt sant/litt sant at dei er veldig flinke til å skriva på nynorsk. På BM1 og BM2 er 58 % og 71 % heilt samde/litt samde i den same påstanden. Elevane frå alle tre skulane er òg ganske samde med kvarandre om påstanden “Eg synest det er vanskeleg å forstå tekstar som er skrivne på nynorsk”. Her svarar 75 % frå NN at dette ikkje er sant, medan 50 % og 68 % svarar det same på BM1 og BM2. Ut i frå desse to ser me altså at mange av elevane verken synest nynorsk er vanskeleg å skrive eller vanskeleg å forstå.

Elles så ser me ein skilnad på elevane si meining om lesing og skriving på nynorsk; elevane er jamt over meir positive til å lesa enn til å skriva nynorsk. På NN er prosentdelen som har svara heilt sant/litt sant på dei to påstandane “Eg synest det er greitt at me skal læra å skriva tekstar på nynorsk” og “Eg synest det er greitt at me ska læra å lesa tekstar på nynorsk” heilt lik, nemleg 85 %. Skilnadane ser me på bokmålsskulane. 42 % og 40 % seier det er greitt å lære å skrive nynorsk, medan 58 % og 53 % seier at dei synest det er greitt at dei skal læra å lesa nynorsk.

### **4.2.3. Haldning blant lærar og elevar**

På alle dei tre skulane er det tydeleg at læraren gjer ein god jobb i å presentera nynorsken for elevane. På påstanden “Norsklæraren min er veldig positiv til nynorsk” svarar 96 % av elevane på NN at dette er heilt sant/litt sant, medan på BM1 og BM2 er resultatata 98 % og 96 %. Større skilnad er det på påstanden “Dei andre i klassa er veldig positive til nynorsk”. Her

svarar berre 21 % på NN at dette ikkje er sant, medan 56 % og 86 % svarar at dette ikkje er sant på BM1 og BM2. På bokmålsskulane, og spesielt på BM2, meiner altså elevane at mange av dei andre i klassa er negative til nynorsk.

### 4.3. Assosiasjonar til nynorsk

#### 4.3.1. Nynorsk som ein matrett

Når elevane skal utdjupa kva for ein matrett nynorsk ville ha vore, er elevane på alle tre skulane einige på nokre område. Omtrent ein tredjedel av elevane på alle skulane meiner at nynorsk ville ha vore kjøtkaker i brun saus. Døme på grunngevingar elevane gir for dette er blant anna “Nynorsk er heilt vanleg og kjedeleg, akkurat som kjøtkaker”, “Fordi eg både likar kjøtkaker i brun saus og nynorsk”, “Kjøttkaker i brun saus er gammeldags og nynorsk er gammeldags. Vi trenger ikke nynorsk i vår moderne tid” og “Fordi det er den retten jeg forbinder med norsk kultur”. Mange av grunngevingane poengterer altså at både kjøtkaker i brun saus og nynorsk er noko tradisjonsrikt og gamaldags. Det gjer òg mange av grunngevingane som elevane har gitt under svaralternativet “Noko anna”.

<b>Kategori 4: “Noko anna”/”Noe annet”</b>	
Komle	Fordi det er gammalt og tradisjonsrikt, og eg assosierer det med eldre folk på cafe.
Pinnekjøtt/smalahåve	Nynorsk er “inngrodd” og er ein del av vår tradisjon, slik som pinnekjøtt eller smalahåve.
Lutefisk	Ingen grunngeving.
Grønnsakssuppe	Jeg syns nynorsk har en assosiasjon til grønnsakssuppe fordi det er så mye forskjellig, men du lærer bare litt og litt om gangen slik at du kan spise suppen.
Torsk med poteter og smør	Fordi det er det verste jeg kunne komme på.

Blant elevane på NN, er det tydelig at nynorsk er ein del av kvardagen. 20 % har svara “Taco” på påstanden, og grunngeve svaret sitt med at taco er ein heilt vanlig ting, nett som nynorsk. Ein elev har og grunngeve svaret sitt med at “*Taco er spennande og kjekt, nett som nynorsk*”. På BM1 og BM2 har ingen og 4 % svara at taco er den retten som minnar mest om nynorsk, og då med lite utfyllande grunngevingar.

Det er vidare tydeleg at det er ulik refleksjonsevne blant elevane, både på dette spørsmålet og dei andre spørsmåla som ber elevane utdjupa svara sine. Fleire elevar grunngev svara sine med “veit ikkje” eller “nynorsk er ikkje ein matrett/nynorsk er ikkje ein person”, medan andre

viser eit klart høgare refleksjonsnivå. Ein av elevane som har svara “sushi”, poengterer at “Det er variert kven som likar sushi og det er variert kven som likar nynorsk”.

#### 4.3.2. Nynorsk som ein person

Elevane er òg samde på tvers av skulane om korleis nynorsk ville sett ut som person. Eit stort fleirtal av elevane seier at nynorsk ville vore ein eldre mann. Tabellen under viser nokre døme frå elevane på NN som er representative for elevane ved alle tre skulane.

<b>Kategori 1: “Gammal”</b>	
62 år, briller, kvitt hår, rynkete.	Fordi eg føler nynorsk er litt gammalt. Nynorsk er gammal, i alle fall i forhold til bokmål.
Ein gammal mann med grå, kjedelege klede.	Det er flest gamle som snakkar nynorsk.
Ein mann på 75 år, med bunad. Grått hår og briller.	Eg ser på nynorsk som gammalt og ærverdig. Nynorsk er et språk som har eksistert lenge.
Gammal mann, grått hår, fjosklede og sliten dongeribukse.	Nynorsk = “gammaldags”.
95 år, gamle klede, skrukkete i fjeset.	Fordi nynorsk har mange gamle ord.

Tabellen syner tydeleg tendensen blant elevane. Grunngevingane er og unisone-oppfatningane av at nynorsk er eit gammalt språk, ser ut til å vera brei blant elevane. Det kan òg sjå ut til at mange elevar meiner at nynorsk er ei mykje eldre målform enn bokmål.

Sjølv om mange har valt å skildra nynorsken som ein gamal mann, gjeld dette slettes ikkje alle. I tabellen under er det døme på fleire alternative skildringar frå elevane på NN.

<b>Kategori 3: “Ung mann”</b>	
Ein høg mann med brunt hår. Han ville vore annleis enn dei andre, og ganske smart. Dei andre trur at han er dum, og har ikkje fått med seg at han er smart.	Mange som ikkje brukar nynorsk trur at dei som brukar nynorsk er dumme.
Eg ser føre meg ein heilt normal person.	Fordi nynorsk er heilt normalt.
Han ville sett ung ut. Tynn og høg. Han ville gått i skjorte.	Han ville sett ung ut fordi nynorsken er ny.
Ein mann på 20 år med dress, veldig streng.	Fordi nynorsk er eit strengt språk og er bestemt på alle skrivemåtar.
30 år, fin, kule klede.	Fordi nynorsken er ny.

<b>Kategori 4: “Ung dame”</b>	
Dame, 31 år. Blazer, farga topp og svart bukse.	Fordi nynorsken er ikkje så gammal og har stil. Men det er mange som ikkje forstår dette og ho blir rakka ned på.
Ei sprek dame på 20 år. Veldig moderne, og kledda er ikkje noko mange hadde brukt.	Fordi nynorsk er eit nytt språk, i forhold til bokmål. Den er mest moderne, men det er ikkje så mange som bruker nynorsk.

Som me ser av tabellen, er det fleire elevar som meiner at det er andre ting som avgjer korleis nynorsk ville sett ut, blant anna dei strenge skrivereglane, eller det faktum at nynorsk er heilt normalt. Nokre poengterer til og med her at nynorsken er ei ny målform, noko som fører til at personen ville vore ung. Dette er ein klar motsetnad til dei som meiner at nynorsk er ei eldre målform enn bokmål, og det kan difor stillast spørsmål ved elevane sin kunnskap innan språkhistorie.

#### **4.3.3. Andre assosiasjonar og dialekt**

På påstanden “Tekstar som er skrivne på nynorsk, verkar meir “ekte” enn tekstar på bokmål”, er elevane frå NN usamde seg i mellom. 43 % meiner dette er heilt sant/litt sant, 33 % meiner det ikkje er sant, medan heile 24 % veit ikkje. Tendensen er mykje klarare på BM1 og BM2; her svarar 74 % og 64 % at dette ikkje er sant. Elevane på NN ser altså ut til å meine at nynorsk er ei litt meir “ekte” målform enn bokmål. Vidare meiner mange av elevane på NN at det er kult å kunne skrive nynorsk; 52 % seier at denne påstanden er heilt sann/litt sann, medan på BM1 og BM2 seier berre 22 % og 18 % det same.

Når elevane skal vurdere si eiga dialekt opp mot nynorsk og bokmål, er elevane frå alle skulane samde. På NN meiner 60 % at det er heilt sant/litt sant at dialekten deira liknar mest på nynorsk, medan på BM1 og BM2 er tala 74 % og 93 %. Det interessante med desse resultatane er at elevane som har nynorsk som hovudmål faktisk er dei elevane som er *minst* samde i at dialekten deira liknar mest på nynorsk. Elevane er òg samde i påstanden “Når eg skriv SMS og chattar på Facebook, skriv eg mest på dialekt”. Her har 87 % frå NN svara heilt sant/litt sant, medan 69 % og 89 % svara det same på BM1 og BM2.

## 4.4. Nynorsk i media

### 4.4.1. Nynorsk i dei store, norske avisene

Når elevane skal vurdere bruken av nynorsk utanfor skulen, finn me ein del interessante resultat. Eg vil i den følgjande tabellen kalla påstanden “Eg synest at journalistar bør få lov til å velja sjølv om dei skal skriva på nynorsk eller bokmål” for påstand 1, “Eg synest at alt i desse avisene bør stå på bokmål” for påstand 2, og “Eg meiner det er for lite nynorsk i dei store norske avisene i dag” for påstand 3. For fullstendige grafar til desse tre påstandane, sjå analysedømet i vedlegg IV.

<b>Påstand 1</b>	<i>Heilt sant</i>	<i>Litt sant</i>	<i>Ikkje sant</i>	<i>Veit ikkje</i>
NN	44 %	33 %	12 %	12 %
BM1	29 %	14 %	43 %	14 %
BM2	11 %	21 %	64 %	4 %

<b>Påstand 2</b>	<i>Heilt sant</i>	<i>Litt sant</i>	<i>Ikkje sant</i>	<i>Veit ikkje</i>
NN	17 %	25 %	29 %	29 %
BM1	48 %	21 %	19 %	12 %
BM2	79 %	14 %	0 %	7 %

<b>Påstand 3</b>	<i>Heilt sant</i>	<i>Litt sant</i>	<i>Ikkje sant</i>	<i>Veit ikkje</i>
NN	25 %	23 %	21 %	31 %
BM1	9 %	22 %	47 %	22 %
BM2	0 %	7 %	79 %	14 %

Som me ser av tabellane, er elevane frå NN meir positive til bruk av nynorsk i avisene enn elevane frå BM1 og BM2. Det er i tillegg skilnad på dei bokmålskulane. Det er tydeleg ut i frå desse resultatata at det er elevane frå BM2 som er mest negative til nynorsk i dei store, norske avisene. Me finn vidare stor skilnad mellom NN og BM2. På påstand 1, “Eg synest at journalistar bør få lov til å velja sjølv om dei skal skriva på nynorsk eller bokmål”, svarar 77 % av elevane på NN at dette er heilt sant/litt sant, medan på BM2 er det berre 32 % som meiner at journalistane sjølv skal få velja målform. På påstand 3, “Eg meiner det er for lite nynorsk i dei store, norske avisene i dag”, meiner 48 % av elevane på NN at dette er heilt sant/litt sant, medan berre 7 % meiner det same på BM2.



#### 4.4.2. Nynorsk teksting på NRK

I tillegg til nynorsk i norske aviser, skulle elevane vurderer nynorsk i bruk som teksting av program på NRK. På påstanden “Eg synest det er greitt at NRK tekstar nokre av programma sine på nynorsk” svarar 75 % på NN at dette er heilt sant/litt sant. På BM1 og BM2 svarar 42 % og 48 % det same. Men på desse skulane er det i tillegg 40 % og 44 % som svarar at dette ikkje er sant, mot 13 % som svarar det same på NN. Det kan difor sjå ut til at det er større usemje rundt denne påstanden på BM1 og BM2 enn på NN.

På påstanden “Eg synest at fleire av NRK sine program burde bli teksta på nynorsk” er det noko usemje på NN. Her svarar 44 % at dette er heilt sant/litt sant, 31 % seier at dette ikkje er sant, medan 25 % veit ikkje. På BM1 og BM2 er det langt klårare kva elevane meiner; på BM1 svarar 76 % at dette ikkje er sant, medan 72 % svarer at dette ikkje er sant på BM2. Det interessante med denne påstanden er at elevane skal grunngje kvifor dei meinte dette. Fleire av grunngjevingane blir presenterte i tabellen under.

<b>Begrunnelser mot teksting på nynorsk (BM1 og BM2)</b>	<b>Grunngjevingar mot teksting på nynorsk (NN)</b>
Jeg mener det er lurt å holde seg til ett skriftspråk isteden for to.	Fordi eg synest bokmål er enkelt å forstå, og det er kjekt å lese noko anna enn det du lærer på skulen.
Jeg synes ikke vi trenger nynorsk i vårt samfunn. Vi har bokmål som er enklere. Nynorsk er tungt og vanskelig.	Fordi nesten alle les, og ser tekstar på bokmål heile tida.
Fordi jeg forstår bedre bokmål/jeg forstår ikke nynorsk/ jeg kan ikke lese nynorsk.	
Det er mange som ikke klarer å forstå nynorsk/fordi ikke alle kan lese nynorsk.	
<b>Begrunnelser for teksting på nynorsk (BM1 og BM2)</b>	<b>Grunngjevingar for teksting på nynorsk (NN)</b>
Det er en lett, god måte å lære nynorsk på.	Fordi då viser ein at nynorsken finst, og NRK kan gå føre som eit godt eksempel som eit stort medium.
Det er ikke vits med bare bokmål.	Eg synest bokmål og nynorsk burde vore fordelt 50/50 på teksting/fordi det burde vore “likestilling” mellom nynorsk og bokmål.
Da blir det enklere for de som snakker nynorsk, og kanskje det blir lettere for de å forstå.	Fordi det er vanlig for oss å snakka, skriva og lesa på nynorsk. Då blandar ikkje me som skriv nynorsk så mykje med bokmål.
Da kan barn vokse opp med nynorsk på TV, og få et bedre forhold til det når de blir eldre.	Fordi nynorsk burde koma meir fram i TV-program. Då kan det bli lettere for dei som skriv bokmål å skjønna nynorsk.

Jeg mener at noen av NRK sine programmer burde bli teksta på nynorsk, fordi vi må holde nynorsk levende.	Me bør halda så lenge som mogeleg på nynorsken, eller så kjem han til å døy ut.
	Sjølv om eg er imot nynorsk, respekterer eg dei som likar det.

Som me ser i tabellen har både elevar frå NN og bokmålsskulane, som her er slått i saman, kome med grunngjevingar både for og imot teksting på nynorsk. Fleire argumenterer med at ved å teksta på nynorsk vil det bli lettare for alle, både hovudmålsbrukarar og sidemålsbrukarar, å læra nynorsk. Elevane tek til og med opp språkdebatten- ein elev frå bokmålsskulane meiner at me bør ha berre eitt skriftspråk, medan ein annan meiner at ein bør halda nynorsken levande. Fleire elevar, vel og merka frå NN, meiner at tekstinga burde vore fordelt likt på nynorsk og bokmål. Ein elev understreker at sjølv om han sjølv ikkje likar nynorsk, bør ein respektera dei som ynskjer at NRK skal teksta program på nynorsk. Det syner oss at ein del av elevane klarar å reflektera utover sin eigen ståstad.

## 5. Drøfting av resultat

I denne delen vil eg drøfta funna mine i lys av teori og tidlegare forskning. Ein hypotese kan sjeldan stadfestast eller avkreftast, då det kan vera fleire faktorar som ikkje er tatt med i undersøkinga som kan ha påverka funna (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 123ff). Eg vil difor ta føre meg hypotesane mine, og diskutera om funna mine *støttar* eller *svekker* hypotesane.

### 5.1. Elevane sine handlingar knytt til påverknad frå andre

#### 5.1.1. Hypotese: Elevar med nynorsk som hovudmål er jamt over meir positive til nynorsk enn elevar med bokmål som hovudmål, og elevane vil vera meir reflekterte

Den generelle tendensen i resultata er at elevane med nynorsk som hovudmål er meir positive til nynorsk enn elevane med bokmål som hovudmål. Den påstanden som samanfattar dette best er nok påstanden “Eg synest at nynorsk er ein viktig del av norsk kultur”, der 71 % på nynorskskulen er positive mot 29 % og 30 % på bokmålsskulane. Påstanden “Det er kult å kunne skrive nynorsk” seier òg mykje om elevane si generelle haldning til nynorsk; her seier rett over halvparten av elevane med nynorsk som hovudmål seg einige i dette, medan berre ein femtedel av elevane ved bokmålsskulane meiner det same. Dette er heilt i tråd med Grepstad (2005) sine resultat, der elevane med nynorsk som hovudmål var klart meir positive til nynorsk enn elevane med bokmål som hovudmål på landsbasis. Når det gjeld kor reflekterte elevane er, syner det seg at både elevar frå nynorskskulen og frå bokmålsskulane klarar å grunngje fleire av svara sine på dei opne spørsmåla i spørjeundersøkinga på ein god måte. Det blir difor vanskeleg å setja eit skilje mellom elevane på nynorskskulen og elevane på bokmålsskulane. Tendensen er at elevar både frå nynorskskulen og bokmålsskulane kan komma med svar som syner at dei klarar å reflektera over nynorsken sin plass på skulen og i samfunnet.

#### 5.1.2. Hypotese: Det vil vera ein samanheng mellom elevane sine haldningar og deira oppfatning av familie, venner og lærarar sine haldningar til nynorsk

Som me ser i resultata, meiner over halvparten av elevane på nynorskskulen at foreldra deira er positive til nynorsk, medan dette talet er langt mindre på bokmålsskulane. Me kan gå ut i frå at foreldre som er positive til nynorsk formidlar dette til barna sine, og i følge Mead (Aagre, 2003, s. 148) er denne påverknaden frå dei *signifikante andre* stor. Dei signifikante andre kan altså påverke eit individ sine haldningar og val. Vidare kan det sjå ut til at foreldra fungerer som modellar for barna sine i tråd med sosial læringsteori, som seier at eit individ

lærer korleis det skal oppføra seg etter å ha observert andre. Elevane frå nynorskskulen er jamt over meir positive til nynorsk enn elevane frå bokmålsskulane, samtidig som fleire seier at foreldra er positive til nynorsk. Dette støtter opp om denne teorien. Me kan òg tenka oss at foreldra sine haldningar påverkar barna gjennom verksemdsteori: elevane lærer haldningar heime, og tar desse med seg til eit nytt miljø, skulen, der dei lærer desse haldningane vidare til andre.

Det ser ikkje ut til at læraren påverkar elevane i same grad som foreldra. På alle tre skulane seier mest alle elevane at læraren er veldig positiv til nynorsk, men likevel varierer elevane sine haldningar frå skule til skule. Det er vanskeleg å seie kor stor innverknad den positivt innstilte læraren har i motsetnad til den negativt innstilte læraren. Læraren si positive haldning fører sannsynligvis til at fleire elevar vel å sjå meir positivt på nynorsken enn om læraren hadde hatt ein negativ haldning. Dette kan me slutta ut i frå resultata som syner at ingen av klassane er heilt avvisande til nynorsk som målform. Læraren har ei rolle som representant for alt det skulen og styresmaktene meiner, og det kan tenkast at elevane difor ikkje lar seg påverke då dei tar for gitt at læraren skal vere positiv. Det kan diskuterast om elevane lar seg påverka av læraren i andre spørsmål, eller om påverknaden på elevane ville vore like liten som i dette tilfellet.

Som Råbu og Nordal skriv, er det ikkje uvanleg at me finn tilfelle av det som Raaheim (2002, s. 83) kallar for “the bandwagon effect”, eller å kaste seg på lasset. Det er vanskeleg å seie noko om dette er tilfelle på dei skulane eg har undersøkt, då det kan diskuterast kor truverdig ei spørjeundersøking er, men resultata kan likevel drøftast. Som me ser av resultata, er det tydeleg at elevane har ei klar meining om kva for haldningar dei andre i klassa har. På nynorskskulen meiner mange elevar at dei andre i klassa er positive til nynorsk, medan elevane på bokmålsskulane meiner det motsette. Det kan difor sjå ut til at nynorsk er eit tema som elevane snakkar om og at elevane uttrykker sine haldningar til dei andre i klassa. Dette kan vera ein grobotn for *haldningssirkelen* som Raaheim presenterer- det at elevane har ei oppfatning om kva for haldningar medelevane har til nynorsk, kan i stor grad påverka deira eiga haldning. Verksemdsteori er òg sentralt her, då elevane ikkje eksisterer i eit vakuum. Dei vil både bli påverka og sjølv påverka omgivnadene sine. I eit klasserom vil dette skje kontinuerleg og skapa tendensar i klassen om kva ein skal/ikkje skal meina. Samanliknar me dette med dei andre resultata i undersøkinga, ser me at elevane på nynorskskulen jamt over er meir positive til nynorsk enn elevane på bokmålsskulane. Dette er sjølv sagt eit resultat av

fleire faktorar, men når me veit at påverknaden frå jamnaldrane er størst i ungdomstida (Imsen, 2005, s.57), skal ein ikkje sjå bort i frå at påverknaden frå klassekameratane gjennom dei to nemnte omgrepa, samt individet sin påverknad på omgivnadene, spelar ei stor rolle her.

I denne undersøkinga ser me tydelige døme på kategorisering av grupper, jf. sosial identitetsteori (Myers, 2009, s. 250). Elevane snakkar om “oss/meg” og “dei” når dei skal grunngje fleire av svara sine. Dei følgjande døma er frå nynorskskulen og den eine bokmålsskulen: “Fordi det er vanleg for oss å snakka, skriva og lesa på nynorsk. Då blandar ikkje me som skriv nynorsk så mykje med bokmål”, ”Da blir det enklere for de som snakker nynorsk, og kanskje det blir lettere for de å forstå”. Ein tendens eg ser i materialet er at elevane frå nynorskskulen og elevane frå bokmålsskulane uttykkjer seg på litt ulike måtar når dei snakkar om seg sjølv. Når dei skal grunngje kvifor dei meiner at fleire program bør tekstast på nynorsk, brukar elevane frå nynorskskulen i større grad “oss” enn elevane frå bokmålsskulane, som i større grad bruker “meg/eg”. Ut i frå det vesle utvalet mitt kan ein ikkje trekka for klare konklusjonar, men som Nordal (2011, s. 116) skriv er det ikkje uvanleg at nynorsk gjev identitet til dei som bruker språket. Det er difor mogeleg at nynorskbrukarane kjenner ei sterkare gruppetilhøyrse enn dei som bruker bokmål ved at nynorsk gir identitet til dei som brukar språket (jf. Nordal, 2011, s. 116). Dette er likevel noko som ikkje står tydeleg fram i empirien min.

## **5.2.Assosiasjonar til nynorsk**

### **5.2.1. Hypotese: Elevane med bokmål som hovudmål vil meine at nynorsk er noko som er litt gammaldags**

Den gjennomgåande tendensen i resultata er at elevane frå alle skulane ser på nynorsk som noko tradisjonelt og gammaldags, sjølv om nokre har andre skildringar. Fleirtalet av elevane svara at om nynorsk ville vore ein person, ville det vore ein eldre mann. Nokre poengterer at mannen ville hatt fjosklede, noko som antydgar at yrket sannsynlegvis ville vore bonde. Dette stemmer overeins med resultata til Råbu, der dei to yrka som elevane assosierte mest med nynorsk var lærar og bonde (1997, s. 87). For å forstå korleis elevane har tenkt når dei har grunngjeve svara sine, kan me gå tilbake til sosial-identitets-teori. Som Myers skriv, er det vanleg å danna stereotypiar der ein legg karakteristiske trekk frå gruppa til grunn for stereotypiane. Jo betre ein kjenner ei gruppe, jo større sjanse er det for å sjå skilnadene i ei gruppe (2009, s. 257). Om me ser på skulane, kan me stilla spørsmål ved elevane på bokmålsskulane sin kunnskap om nynorskbrukarar, og ikkje minst elevane på nynorskskulen

sin kunnskap om eigen gruppe. Har ikkje elevane kunnskap nok om nynorskbrukarar til å nyansera svara? Svaret er nok felles for begge skulane- når elevane skal skildra ein person, er det naturleg å laga ein karikatur, sjølv om dei godt kjenner til det store mangfaldet av nynorskbrukarar.

Samtidig som elevane trekkjer parallellar til noko gammaldags, trekkjer dei samstundes linjer til det tradisjonsrike. Elevane trekkjer fram kjøtkaker, lutefisk og lusekofte i skildringa av nynorsken. Dette er eit interessant poeng, for sjølv om mange av elevane meiner at nynorsk ikkje er ein viktig del av norsk kultur, assosierarar dei likevel nynorsken med nettopp element som mange meiner høyrer heime i den norske kulturarven. Spørsmålet er dermed om elevane meiner at denne delen av vår kulturarv, som elevane ser på som gamaldags, ikkje er like viktig for oss i dag.

Som Jansson tek opp i diskusjonen om den nynorske legitimeringa, ser ein tendensar til at elevar ikkje har nok kunnskap om språkhistoria. Dette ser me òg spor etter i mine funn. Når elevane skal grunngje skildringane sine av nynorsk som ein person, er det usemje blant elevane rundt kor gammal den nynorske målforma er. Nokre meiner at nynorsk er ei mykje eldre målform enn bokmål, medan andre meiner nynorsk er ei nyare målform. Elevane i mi undersøking går i 9.klasse, og ein kan difor argumentera med at elevane ennå ikkje har hatt ei grundig innføring i språkhistorie. Likevel meiner eg, med støtte i Jansson sin diskusjon, at det med fordel kan rettast eit større fokus mot språkhistoria vår slik at elevane får ei større forståing for kvifor me har to skriftspråk i Noreg.

Eit anna funn frå mi undersøking som ein finn igjen i Jansson si legitimering, er argumentet om at “alle” skjønar bokmål, og at ein difor ikkje treng å læra nynorsk. Når elevane i mi undersøking skal grunngje kvifor dei meiner at fleire av NRK sine program ikkje treng å tekstast på nynorsk, bruker fleire av elevane nettopp dette argumentet- nettopp at “alle” skjønar bokmål, og at nynorsk difor er ei overflødig målform. Igjen ser me at elevane treng meir kunnskap om språksituasjonen i Noreg, samt fordelane ved å kunna uttrykkja seg på begge målformene.

### 5.2.2. Hypotese: Elevane med nynorsk som hovudmål synest dialekten sin liknar på nynorsk i større grad enn elevane med bokmål som hovudmål, og dei vil synast at nynorsk er meir “ekte” enn bokmål

Sjølv om over halvparten av elevane på skulen med nynorsk som hovudmål meiner at dialekten liknar mest på nynorsk, er dei likevel den klassen i mi undersøking som er minst einige i at dialekten sin liknar mest på nynorsk. Ei forklaring til dette kan vera lærerane på skulane som har bokmål som hovudmål. Det er ikkje uvanleg at lærarane i dette området bruker dialektargumentet når dei skal læra elevane sine nynorsk- elevane får stadig vekk høyra at nynorsk ikkje er så vanskelig å lære seg fordi det minner om nettopp dialekten deira<sup>1</sup>. Elevane som skriv nynorsk som hovudmål derimot, får ikkje denne opplysninga til stadig tid frå lærarane sine, då det for dei fleste ikkje er eit problem å lære nynorsk- det er den målforma dei alltid har skrive på. At dei fleste elevane ved alle tre skulane meiner at dialekten liknar mest på nynorsk, finn me igjen i tidligare forskning. Råbu kom fram til det same i sitt utval, som òg snakka det som blir skildra som “rogalandsdialekt” (Råbu, 1997, s. 108).

Når det gjeld valet av å bruke ordet “ekte” i den neste påstanden, er årsaka at dette er eit ord som eg har observert at elevar brukar når dei snakkar om skilnadene på dei to målformene. Fleire utsegn går nemleg ut på at nynorsk nettopp høyrer meir ekte ut. Kva elevane meiner med dette er ikkje godt å seie, men ut i frå dei andre svara på undersøkingane, vil eg gå ut i frå at elevane assosierer nynorsk med noko jordnært og autentisk når dei bruker ordet “ekte”. Som me ser, er det ein større del av elevane på nynorskskulen enn på bokmålsskulane som meiner at tekstar på nynorsk er meir ekte enn tekstar på bokmål. Ein årsak til dette kan vera at nynorsk er den målforma dei har skrive sidan dei byrja på småskulen, og at det dermed blir meir naturleg for elevane å uttrykkje seg på denne målforma. Samstundes er det ein del av elevane på nynorskskulen som meiner at nynorsk *ikkje* høyrer meir ekte ut. Det kan me få ei forklaring på i den delen av undersøkinga, der elevane skal grunngje kvifor dei meiner at NRK skal/ikkje skal teksta fleire program på nynorsk. Her skriv fleire elevar at dei ikkje vil at fleire program skal tekstast på nynorsk, fordi “nesten alle les, og ser tekstar på bokmål heile tida”. Bokmål er altså like naturleg for elevane som nynorsk, då det er denne målforma dei lærer gjennom media og litteratur. Ein elev skriv dessutan at “det er kjekt å lese noko anna

---

<sup>1</sup> Dette er eit kjend faktum, og det har vore vanlig å visa til Noregs Mållag sitt slagord “Snakk dialekt- skriv nynorsk”.

enn det du lærer på skulen”. Bokmål er altså ei like dagligdags målform som nynorsk for fleire av elevane med nynorsk som hovudmål

### **5.3. Nynorsk på skulen**

#### **5.3.1. Hypotese: Blant elevane med bokmål som hovudmål vil det vera fleire som synest det er greitt at dei skal læra å lesa nynorsk enn elevar som synest det er greitt at dei skal læra å skriva nynorsk**

Om me ser på elevane sine haldningar til å læra nynorsk på skulen, ser me at fleire elevar er positive til å læra å lesa nynorsk enn til å læra å skriva nynorsk på bokmålsskulane. Over halvparten seier dessutan at dei ikkje synest det er vanskeleg å forstå tekstar som er skrivne på nynorsk. Dette stemmer godt overeins med Grepstad (2005) sine resultat, som syner at fleire elevar meiner at det er lettare å lesa tekstar på nynorsk enn å skriva dei sjølve. At elevane er meir positive til å lesa enn til å skriva, heng nok saman med at elevane kjenner større meistring ved lesing av tekstar enn ved skriving av tekstar. Som Raaheim (2002, s. 88) skriv, er det sjølvbiletet vårt som regulerer dette, og som bestemmer kva slags oppgåver me ynskjer å byrja på. Dette er funn som kan vera interessante i nynorskdebatten. Kanskje fleire elevar hadde vore meir positive til nynorsk om dei hadde fått oppretthalda skrivemengda, men auka lesemengda, noko som sannsynlegvis ville ført til at elevane ville opplevd ei større meistring i skrivinga. På skulen med nynorsk som hovudmål er det ikkje noko skilnad på elevane si haldning til lesing og haldninga til skriving på nynorsk.

#### **5.3.2. Hypotese: Om elevane ofte har undervisning i sidemål/nynorsk, vil dei vera meir positive til målforma enn dei elevane som sjeldan har undervisning i sidemål/nynorsk**

Når det gjeld undervisning i sidemål på skulen, er det vanskeleg å seie noko om dette påverkar elevane sine haldningar, då elevane ikkje er heilt samde om kor ofte undervisninga finn stad. Det me ser i resultatata, spesielt hjå elevane med bokmål som hovudmål, er at elevane seier at dei har oftare sidemålsundervisning enn dei les tekstar på sidemål. Dette kan tolkast på to måtar. Den første forklaringa kan vera at undervisninga elevane får i sidemål stort sett er grammatikkundervisning, og at elevane ikkje les mange tekstar på sidemål. Den andre forklaringa kan vera at å lesa tekstar på nynorsk på skulen blir av mange elevar ikkje rekna som tradisjonell “undervisning”, men som ein aktivitet utanom sjølve undervisninga. Som nemnt, er fleire elevar positive til å lesa nynorsk enn til å skriva nynorsk. Om den siste forklaringa stemmer, er dette eit positivt teikn, då det kan sjå ut til at lærarane legg opp



undervisninga etter kva elevane føretrekkjer, nettopp lesing av tekstar på nynorsk. Basert på resultata er mi meining at det med fordel leggjast opp til meir lesing av tekstar på nynorsk på ungdomsskulen. Dette kan sjølvstund diskuteras, då det er eit metodespørsmål. Kva som skal komma først, lesing eller skriving, er opp til kvar einskild lærar og må tilpassast og vurderast undervegs i kvar einskild klasse.

## 5.4. Nynorsk i samfunnet

### 5.4.1. Hypotese: Elevane vil vera einige i at journalistar skal få velja sjølv kva målform dei skal få skriva på. Elles vil elevane frå nynorskskulen vera meir positiv til nynorsk i aviser og på fjernsyn enn elevane frå bokmålsskulane.

Det er overraskande at ein så høg prosentdel av elevane på bokmålsskulane meiner at journalistar *ikkje* skal få lov til å velja sjølv kva målform dei skal skriva på, då dette er det motsette av funna i masteroppgåva til Røed (2010). Der var denne påstanden den som elevane frå dei ulike skulane var mest samde i. Det kan diskuteras kvifor elevane meiner dette- ein forklaring kan vere at elevane tar utgangspunkt i seg sjølv når dei svarar på spørsmålet. Som me ser i undersøkinga er det mange som ikkje ynskjer å lesa tekstar på nynorsk. Det er mogeleg at elevane har hatt dette i bakhovudet når dei har svara på spørsmålet, og tenkt at dersom journalistane må skriva på bokmål, slepp dei å lesa på nynorsk. Om dette er tilfellet, ser me igjen at elevane treng meir kunnskap om språksituasjonen i Noreg. Og som tidligare nemnt, er språkhistoria sentral for at elevane skal forstå kvifor desse to målformene er likestilte i dag.

Som forventa er elevane frå nynorskskulen meir positive til nynorsk i avisene enn elevane frå bokmålsskulane. Når det kjem til teksting av NRK sine program på nynorsk, kjem det fram ein del interessante nyansar. Her er òg elevane frå nynorskskulen meir positive, men elevar både frå nynorskskulen og bokmålsskulane kjem med fleire interessante grunngevingar for kvifor dei meiner at fleire av NRK sine program burde tekstast på nynorsk. Nokre elevar med bokmål som hovudmål meiner at nynorsk teksting både er bra for si eiga gruppe, som skal læra nynorsk, og for dei med nynorsk som hovudmål, som får lesa meir av hovudmålet sitt. Fleire elevar med nynorsk som hovudmål meiner det same. To elevar med bokmål som hovudmål skriv “Da kan barn vokse opp med nynorsk på TV, og få et bedre forhold til det når de blir eldre” og “Jeg mener at noen av NRK sine programmer burde bli teksta på nynorsk, fordi vi må holde nynorsk levende”. Begge desse grunngevingane seier noko om elevane si haldning til den framtidige språksituasjonen. Begge elevane peiker framover- med teksting får

neste generasjon eit betre forhold til målforma, og ein held nynorsken levande. Sjølv om tala er negative, tyder altså dette på at ikkje alle elevar med bokmål som hovudmål ynskjer éi felles målform, men derimot ser nynorsken som ein del av framtida.

## 6. Oppsummering og konklusjon

Problemstillinga i denne oppgåva var “Kva for haldningar har elevar i ungdomsskulen til nynorsk i skulen kontra elles i samfunnet?”. Det eg har funne, er at elevane med nynorsk som hovudmål hovudsakeleg er meir positive til nynorsk enn elevane med bokmål som hovudmål. Det ser ut til at elevane si oppfatning av haldningane til vener og familie påverkar deira egne haldningar, medan læraren sin påverknad ikkje er like stor. Undersøkinga syner dessutan at elevane sin kunnskap om den norske språkhistorien med fordel kan styrkast, då mange av elevane ser på nynorsk som ei mykje eldre målform enn bokmål. Mange klarar heller ikkje å sjå fordelane med å meistra to målformer i Noreg i dag, og dette påverkar elevane sine haldningar til læring av nynorsk.

Tittelen på denne oppgåva var “Nynorsk-ei overflødig målform?”, som var eit spørsmål eg stilte meg fleire gonger i løpet av analysearbeidet, då fleire elevar som svara på undersøkinga mi såg ut til å meine dette. Meinte verkeleg alle elevane med bokmål som hovudmål at nynorsk ikkje var naudsynt i dagens samfunn? I den avsluttande fasen av arbeidet ser eg at svaret ikkje er så enkelt. Fleire elevar ser på nynorsk som ein viktig del av skriftkulturen vår og ynskjer at me òg i framtida skal ha to skriftspråk. Likevel er det mange har ikkje har tilstrekkeleg kunnskap om den norske språksituasjonen til å forstå verdien av to målformer. Eg synest difor det er passande å avslutta denne FoU-oppgåva med eit sitat frå Benthe Kolberg Jansson frå artikkelen hennar “Den gode praksisen på ungdomssteget”:

Å la elevane sleppe å skrive nynorsk ser altså ikkje ut til å føre til meir positive holdningar til nynorsk. Men det fører heilt sikkert til at elevane ikkje lærer å skriva nynorsk, og at dei dermed blir enda fjernare frå denne delen av norsk skrift- og språkkultur (Jansson, 2011, s. 182).

## 7. Litteraturliste

- Aagre, W. (2003). *Ungdomskunnskap- hverdaglivets kulturelle former*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Bergem, T. (2011). *Læreren i etikkens motlys. Innføring i yrkesetisk tenking og praksis*. (2.. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Grepstad, O. (2005). *Nynorsk Faktabok 2005*. Hovdebygda: Nynorsk Kultursentrum.
- Imsen, G. (2005). *Elevenes verden- Innføring i pedagogisk psykologi* (4. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Jansson, B. K. (2011). Den gode praksisen på ungdomssteget. I B. K. Jansson, & S. Skjong (Red.), *Norsk= nynorsk og bokmål. Ei grunnbok om nynorsk i skolen*. (s. 179-202). Oslo.
- Jansson, B. K. (2011). Nynorsk som sidemål på ungdomstrinnet: Korfor det, da? I B. K. Jansson, & S. Skjong (Red.), *Norsk= Nynorsk og bokmål. Ei grunnbok om nynorsk i skolen*. (ss. 162-178). Oslo: Det Norske samlaget.
- Myers, D. G. (2009). *Exploring Social Psychology- Fifth Edition*. New York: The McGraw-Hill Companies, Inc.
- Mæhlum, B. (2008). Språk og Identitet. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røynealand, & S. Helge, *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk* (ss. 105-126). Oslo: Cappelen Akademiske forlag.
- Nordal, A. S. (2011). Nynorsk som hovudmål. I S. Skjong, & B. K. Jansson (Red.), *Norsk = nynorsk og bokmål. Ei grunnbok om nynorsk i skolen* (ss. 109-135). Oslo: Det Norske samlaget.
- Postholm, M. B., & Jacobsen, D. (2011). *Læreren med forskerblikk. Innføring i vitenskapelig metode for lærestudenter*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Raaheim, A. (2002). *Sosialpsykologi*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Røed, D. F. (2010). *Mål og mening? Didaktiske perspektiv på nynorsk med fokus på elevholdninger*. (Mastergradsoppgave, Høgskolen i Hedmark) Henta frå: [http://brage.bibsys.no/hhe/bitstream/URN:NBN:no-bibsys\\_brage\\_13480/1/R%C3%B8ed.pdf](http://brage.bibsys.no/hhe/bitstream/URN:NBN:no-bibsys_brage_13480/1/R%C3%B8ed.pdf).
- Råbu, A.-B. (1997). *To ulike norskfag? En undersøkelse av holdningene til nynorsk som sidemål blant elever i ungdomsskolen og den videregående skolen*. (Hovedfagsoppgave, Universitet i Oslo).
- Solerød, E. (2009). Læringstradisjoner. I H. P. Willie, & R. Svanberg (Red.), *La Stå! Læring- på vei mot den profesjonelle lærer* (ss. 63-90). Oslo: Gyldendal Akademiske.

Utdanningsdirektoratet. ((u.å)). *Læreplan i norsk. Formålet med faget*. Henta 27.02.13 frå <http://www.udir.no/k106/NOR1-04/Hele/Formaal/>.

St.meld. nr.35 (2007-2008). (2008). *Mål og mening. Ein heilskapeleg norsk språkpolitikk*. Oslo: Det kongelege kultur- og kyrkjedepartementet.

## **8 Vedlegg**

Vedlegg I: Brev til rektor

Vedlegg II: Brev til heimen

Vedlegg III: Spørjeskjema

Vedlegg IV: Analysedøme. Elevane sine meiningar om nynorsk i aviser.

## 8.1 VEDLEGG I: Brev til rektor

Iselin Eidhammer Tveit  
Grunnskulelærarstudent på 5-10  
Høgskolen Stord/Haugesund

Skjold, 25.01.13

Til rektor .....  
..... Skule

### Søknad om gjennomføring av undersøking

Eg er student ved Høgskulen Stord/Haugesund og går tredje året på lærarutdanning GLU 5-10 (grunnskulelærar, profil 5-10 klasse) på Stord. Me skal no skrive bacheloroppgåve, og eg skal undersøkje ungdomsskuleelevar si haldning til nynorsk i skulen og i det offentlege rom. Med dette håper eg å få auka forståing for elevane sine haldningar, og at dette kan vera eit godt grunnlag i planlegging av undervisning i nynorsk.

I samband med denne oppgåva søkjer eg om å få gjennomføre ei undersøking på 9.trinn på ..... Skule. Undersøkinga vil vera eit spørjeskjema som eg vil senda til dykk, og som tar om lag 10 minutt å svara på.

Datamaterialet eg samlar inn i undersøkinga vil berre bli brukt i arbeidet med bacheloroppgåva der jeg vil analysere funna/datamaterialet og samanlikne resultata med annan forskning på området og pedagogisk/fagdidaktisk teori.

Eg er gjennom høgskulen underlagt taushetsplikta og all informasjon som blir samla inn gjennom denne undersøkinga vil bli behandla konfidensielt og anonymt og vil bli makulert etter at materialet er analysert og oppgåva er levert. Eg ønskjer å gjennomføre undersøkinga på denne skulen då eg er kjent med administrasjonen og dei tilsette, og håpar difor at skulen er velviljug og positiv til mitt utviklingsarbeid.

Eg vil komma innom dykk med undersøkinga, informasjonsbrev til føresette samt andre naudsynte opplysningar om gjennomføring i løpet av veke 6. Frist for å gjennomføra undersøkinga er 8. februar. Eg set pris på tilbakemelding om dette ikkje er aktuelt for dykk.

På førehand takk!

Mvh  
Iselin Eidhammer Tveit  
E-post: [131732@hsh.no](mailto:131732@hsh.no) Tlf: 986 25 428

## **8.2 VEDLEGG II: Brev til heimen**

### **Informasjon til føresette**

Veke 5/6 vil elevane i 9. klasse få spørsmål om å delta på ei spørjeundersøking. Spørjeundersøkinga er utarbeidd av ein student som går 3. året på grunnskolelærerutdanning på Høgskulen Stord/Haugesund, og som skal skriva ei bacheloroppgåve i pedagogikk og elevkunnskap med fordjuping i norskfaget. Temaet for bacheloroppgåva er haldningar til nynorsk blant elevar på ungdomsskulen.

Spørjeskjemaet vil bli nytta for å få inn data om dette. Alle data vert handsama konfidensielt, inga namn eller kjenneteikn på elevane vil verta brukt. Spørjeskjemaet er anonymt.

Dette er frivillig, og dersom ein ikkje vil ha barnet sitt med på dette eller ynskjer meir informasjon om undersøkinga, ta kontakt med kontaktlærar.

Med vennleg helsing kontaktlærarane i 9.klasse



### 8.3 VEDLEGG III: Spørjeskjema

Denne spørjeundersøkinga vil spørja deg om meiningane dine om sidemål og om nynorsk. Det er viktig at du svarar så ærleg som du kan- undersøkinga er anonym, og ingen vil kunne finna ut at det er dine svar.

Å svare på undersøkinga tek ca. 10 min.

#### 1. Informasjon om deg

Kryss av det alternativet som passar.

##### a. Kjønn

	Gut	Jente
Eg er		

##### b. Hovudmål

	Nynorsk	Bokmål
Mitt hovudmål på skulen er		

#### 2. Bakgrunn

##### a. Kryss av.

	Heilt sant	Litt sant	Ikkje sant	Veit ikkje
Foreldra mine er veldig positive til nynorsk				
Min kulturelle bakgrunn (oppdragelse og oppvekstmiljø) påverkar holdninga mi til nynorsk				
Eg synest at nynorsk er ein viktig del av norsk kultur				

### 3. Sidemål på skulen

#### a. Undervisning

	1-3 gonger i veka	1-3 gonger i halvåret	1-3 gonger i månaden	Sjeldnare
I 9.klasse har me hatt sidemålsundervisning				
I 9.klasse har me lest tekstar på sidemål				

#### b. Kryss av:

	Heilt sant	Litt sant	Ikkje sant
Eg er veldig flink til å skriva nynorsk			
Eg synest det er vanskeleg å forstå tekstar som er skrivne på nynorsk			
Eg synest det er greitt at me skal læra å skriva tekstar på nynorsk			
Eg synest det er greitt at me skal læra å lesa tekstar på nynorsk			
Norsklæraren min er veldig positiv til nynorsk			
Dei andre i klassa er veldig positive til nynorsk			

#### c. I kva for fag på skulen syns du det kan passa å bruka sidemål? Du kan setja fleire kryss.

Norsk	Matematikk	Samfunnsfag	Mat og Helse

#### 4. Assosiasjonar til nynorsk

a. Set kryss. Viss nynorsk var ein matrett, ville det vore

Sushi	Taco	Kjøtkaker i brun saus	Noko anna (skriv i ruta under)

i. Forklar kvifor du meiner dette:

---

---

---

---

b. Viss nynorsk var ein person, korleis ville han sett ut? (alder, utsjånad, klede):

---

---

---

---

i. Prøv å forklar kvifor du ser føre deg dette.

---

---

---

c. Set kryss:

	Heilt sant	Litt sant	Ikkje sant	Veit ikkje
Tekstar som er skrivne på nynorsk, verker meir «ekte» enn tekstar som er skrivne på bokmål				
Det er kult å kunne skrive nynorsk				
Eg synest dialekta mi liknar mest på nynorsk				

Eg synest dialekta mi liknar mest på bokmål				
---	--	--	--	--

## 5. Nynorsk i samfunnet

### a. Fritid

	Heilt sant	Litt sant	Ikkje sant	Veit ikkje
Når eg skriv SMS og chattar på Facebook skriv eg mest på dialekt				
Når eg skriv SMS og chattar på Facebook skriv eg mest på nynorsk				
Når eg skriv SMS og chattar på Facebook skriv eg mest på bokmål				

### b. I dei store avisene VG og Dagbladet er det i dag bare lov til å skrive på bokmål, ikkje nynorsk. Svar på påstandane ved å kryssa av:

	Heilt sant	Litt einig	Ikkje sant	Veit ikkje
Eg synest at journalistar bør få lov til å velja sjølv om dei skal skriva på nynorsk eller bokmål.				
Eg synest at alt i desse avisene bør stå på bokmål.				
Eg meiner at det er for lite nynorsk i dei store avisene i Noreg i dag.				

### c. NRK tekstar nokre av programma sine på nynorsk. Kryss av:

	Heilt sant	Litt sant	Ikkje sant	Veit ikkje
Eg syns det er greitt at NRK tekstar nokre av programma sine på nynorsk				
Eg syns at fleire av NRK sine program burde bli				

teksta på nynorsk				
-------------------	--	--	--	--

i. Forklar kort kvifor du meiner dette:

---



---



---

d. Kryss av dei programma du har sett på tv:

Heartbeat (Med hjartet på rette staden)	
Game of Thrones	
House	

e. Kryss av det/dei du trur blir teksta på nynorsk:

Heartbeat (Med hjartet på rette staden)	
Game of Thrones	
House	

f. Svar på påstanden

	Heilt sant	Litt sant	Ikkje sant	Veit ikkje
Mange norske artistar syng på nynorsk				

i. Skrive dømme på artistar du meiner syng på nynorsk.

---




---

Takk for hjelpa! 😊


## 8.4 VEDLEGG IV: Analysedøme. Meininger om nynorsk i aviser

Frå venstre: nynorskskulen, bokmålsskule 1 og bokmålsskule 2


**Eg synest at  
journalistar bør  
få lov til å velja  
sjølv om dei skal  
skriva på  
nynorsk eller...**




**Eg synest at  
journalistar bør  
få lov til å velja  
sjølv om dei skal  
skriva på nynorsk  
eller bokmål**




**Eg synest at  
journalistar bør  
få lov til å velja  
sjølv om dei skal  
skriva på...**




**Eg synest at alt i  
desse avisene  
bør stå på  
bokmål**




**Eg synest at alt i  
desse avisene  
bør stå på  
bokmål**




**Eg synest at alt i  
desse avisene  
bør stå på  
bokmål**



**Eg meiner at det  
er for lite  
nynorsk i dei  
store avisene i...**



**Eg meiner at det  
er for lite  
nynorsk i dei  
store avisene i...**



**Eg meiner at det  
er for lite  
nynorsk i dei  
store avisene i...**

